



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Høyanger 19.03.25

Protokoll møte 2-25, Høyanger kyrkjelege fellesråd

Torsdag 13.03.25 kl.10.00 på Høyanger kyrkjekontor.

Innkalla:

*Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø,
Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik, Andreas Ester,*

Kopi av innkallinga til:

*Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Elisabeth Johansen, Eldrun Nordahl,
Torunn Styve, Sissel Sørebø, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse.
Inger Cesilie Fitje, postmottak Høyanger kommune.*

Frammøte:

*Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Andreas Ester, Frode Merkesvik,
Terje Søreide og Toril Lange, Bjørn Harald Nybø.*

Meldt forfall: Kjersti J. Søreide

Sakliste:

Opning av møtet:

- **Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 23.01.25.**
 - Innkalling, sakliste og protokollen vart godkjent.
- **Soknepresten har ordet**
 - Andreas tok for seg tema frå onsdagsgudstenesta dagen før. Der var teksta om den miskunnsame samaritanen – som me alle kjenner. Men han gjenfortalte den i ein moderne versjon – presten var bytta med verdas rikaste person – Donald Trump, levitten med verdas rikaste person – Elon Musk – begge utan miskunn. Medan ein fattig flyktning – frå Samaria, gav alt han eigde til hjelp for bombeoffer i Ukraina.

Meldingssaker:

06 Helgestunder

Moment som kom fram under samtalen er at Helgestunder har ein viktig funksjon for å synleggjere kyrkja og arbeidet vårt. Bladet vert lest og er ein viktig informasjonskanal.

Arbeidet med å lage bladet gir mykje arbeid på eldsjelene som litt tilfeldig kom inn i det då tidlegare kyrkjeverje sa frå seg å ha redaksjonsansvaret for bladet. Då tok dåverande soknerådsleiarar ansvar og laga redaksjonskomité saman med soknepresten. MEN dette er ikkje ei varig løysing.

Bladet har og ei kostnadsside. Gåveinntekter dekker om lag 2/3 av kostnadane. Korleis dette ville bli om ein gjekk frå 4 til 3 nummer i året er vanskeleg å seie. Ein må undersøke potensialet for annonseinntekter. Går ein over på abonnement vil ein miste evna bladet har på å nå alle. Ein annan mogeleg kostnadsreduksjon som må undersøkast, er å gå ned papirkvalitet.

Det er viktig at sokneråda tek med denne diskusjonen fram mot at HKF kan ta det opp som sak med endeleg avgjerder.

07 Kyrkjeverja har ordet.

Kyrkjeverja informerte om framdrift i prosjektet med universell utforming og toalett i Ortnevik kyrkje. Og vidare om planane for 100-årsjubileet – sjå eiga sak under.

Kyrkjeverja informerte også om eit samarbeid på planleggingsstadiet, mellom kyrkjeverjene i ytre Sogn og Sunnfjord: Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Høyanger. Det gjeld ein mogleg samarbeid om tilsetjing av ein person som kan ta ansvaret for trusopplæring – barne og ungdomsarbeidet. Det skal vurderast ein modell som gjer at vi kan få nytta midlane på ein måte som vil gi fagleg støtte til dette arbeidet i sokna.

Vedtakssaker:

002/25: Høyring tilskotsordning for Den norske kyrkja

Vedtak:

Svar til Kirkerådet på høyringa om «retningsliner fortillskuddsforvaltning i Den norske kyrkje», vert sendt slik det føreligg etter dei endringar som har kome fram i drøftingane i dette møtet.

Høyringssvaret er vedlagt protokollen

003/25: Tildeling av anbod – vedlikehald på gravplassar

Vedtak:

Kontrakt for arbeid med slått og vedlikehald på gravplassane i Høyanger for perioden 2025 – 2027 vert, etter ei samla vurdering der pris, kvalitet og miljø er vekta, tildelt firmaet Anleggsgartnar Baarøy AS.

004/25: Godkjenning av årsmelding for 2024

Vedtak:

HKF si årsmelding for 2024 vert godkjend med dei merknadar som er noterte i møtet.

005/25: Godkjenning av rekneskap for 2024

Vedtak:

HKF sin rekneskap for 2024 vert godkjend med etterhald om revisor si godkjenning.

006/25: Ynskje om garanti i høve at Ortnevik Kyrkje feirar 100 år 4. og 5. oktober 2025

Vedtak:

HKF legg til grunn det framlagde budsjettet for program og festskrift. Fellesrådet garanterer for dekking av evt underskot innanfor denne kostnadsramma.

007/25: Søknad om årleg tilskot frå Vadheim bedehuskapell

Vedtak:

Vadheim bedehuskapell sin søknad om støtte for 2025 vert innfridd.

Neste møte (juni): Ein ser torsdag 12.juni som ein mogeleg møtedag. Må vurderast når tida nærmar seg.

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd

Høyringssvar frå Høyanger kyrkjelege fellesråd er uteva:

1-4 er formalitetar.

5. Har du/dere merknad til innledningen til retningslinjene?

HKF er positive til ein aktivitetsretta tilskotsmodell.

Rekrutteringssituasjonen må takast på alvor Derfor treng me nye måtar å sikre aktiviteten i kyrkja. Det krev meir samarbeid lokalt. Ein aktivitetsretta ressursmodell gir større fleksibilitet til nytenking enn ein stillingsretta modell.

Mange fellesråd har avgrensa administrative ressursar og tillegg kan vakanse og hyppig utskifting av personale gi utfordringar. Dette gjer at me er særers positive til intensjonen om ein mindre administrativt krevjande tilskotsmodell. Samtidig så legg høyringa opp til tydlegare krav til planar på sokneråds- og fellesrådsnivå. Dette kan bli krevjande å få til, særleg med ein trussel om å miste ressursar hengande over seg. Ei tolmodig og god oppfølging frå biskop og bispedømme – gjerne på prostinivå, vil vere nødvendig.

6. Det bør kreves at menighetsrådet skal vedta samlet plan for aktiviteter kommende år.

Einig

7. Det bør kreves at biskopen skal godkjenne hver menighets plan for aktiviteter kommende år.

Einig

8. Har du/dere andre merknader til punkt A1?

Når HKF er einig i at biskopen skal godkjenne sokneråda sine planar, så er det på vilkår av ein rettleiande godkjenning. Denne rettleiinga kan og vere i form av tilrettelegging for samarbeid t.d. på prostinivå. Sokneråda er ofte avhengige av at prestane klarer å engasjere og rettleie dei.

9. Bispedømmerådet bør kunne avsette 2 % av midlene til strategiske satsinger.

Einig

10. Bispedømmerådet bør kunne avsette 1 % av midlene til å dekke utgifter til samlinger for kirkefaglig ansatte i fellesrådene.

Einig

11. Har du/dere andre merknader til punkt A2?

Fagleg oppdatering og rettleiing er sentralt i ein organisasjon.

12. Har du/dere merknader til punkt A3?

Ein må få til den skisserte samhandlinga med SSB-rapporteringa slik at det samla rapporteringsarbeidet ikkje blir meir omfattande. Viktig med god dialog rundt denne fristen – vakanse og sjukdom kan gjer det vanskeleg i små stabar.

13. Fellesrådene bør kunne akkumulere inntil 50 % av ett års tilskudd.

Einig

14. Har du/dere andre merknader til punkt A4?

Nei

15. Det bør kreves at bispedømmet inviterer fellesrådet til samtale om tilskuddet minimum annethvert år.

Einig

16. Har du/dere andre merknader til punkt A5?

I tillegg bør dette med bruk av tilskotsmidlane på generell grunnlag vere tema på andre samlingar t.d. «Saman om å leie», samlingar for fellesrådsleiarar m.m.

17. Det bør kreves at bispedømmet gir fellesrådet to skriftlige tilbakemeldinger før tilskuddet til fellesrådet kan justeres

Einig

18. Har du/dere andre merknader til punkt A6?

Målet med tilbakemelding til fellesråda må vere å hjelpe til med å få på plass aktivitet, eller få synleggjort den aktiviteten som er. Å reduserte tilskotet må henge på misleghald eller på større demografiske endringar.

19. Har du/dere merknader til punkt A7?

Nei

20. Har du/dere merknader til punkt A8?

Frå økonomi til aktivitet er bra!

21. Har du/dere merknader til punkt B1?

Slik rekrutteringssituasjonen er, er dette viktig, og naudsynt.

22. Har du/dere merknader til punkt B2?

Nei

23. Har du/dere merknader til punkt B3?

Nei

24. Har du/dere merknader til punkt B4?

Nei

25. Har du/dere merknader til punkt B5?

Nei

26. Har du/dere merknader til punkt C1?

Det bør vere ei opning for å tilgodesjå delvis faglege kvalifikasjonar også. T.d. dei som kvalifiserer til stilling som kyrkjelydspedagogar. Dette er viktig for å sikre fagleg kvalitet. Det bør altså gjelde for stillingar i både lønnsgruppe 4 og 5.

27. Har du/dere merknader til punkt C2?

Nei

28. Har du/dere merknader til punkt C3?

Nei

29. Har du/dere merknader til punkt C4?

Nei

30. Hvordan vil den foreslalte tilskuddsordningen påvirke fellesrådets likviditet?

Det at ein ikkje mistar midlane så snart ein har hatt vakanse i ei stilling, men kan akkumulere tilskot, vil påverke fellesrådet sin likviditet positivt. Likeins at ein kan få auka tilskotet dersom ein tilset ein kvalifisert medarbeidar.

31. Har du/dere innspill til hvordan Kirka vår kan utvikles videre til å bli det verktøyet det kan bli?

Det er viktig at rapportane her gjer rapporteringa enklare – både til SSB og til oppfølging av tilskotsmidlane. Det er naudsynt med ein grundig opplæring og kvalitetssikring av verktøyet.

32. Har du/dere andre merknader til høringen?

For arbeidet i kyrkja må ein legge til rette for «å jobbe smartare», engasjere frivillige, samarbeid for å nytte ressursane, at alle nivå i organisasjonen ynskjer å jobbe for eit best mogleg samla resultat og ikkje berre ha sitt eige ve og vel i fokus.